



## NOTAT

Arkivsaknr.:  
2019000423-29

Arkiv  
K2-Q80, K2-Q52

Sakshandsamar  
Jan Olav Åsarmoen Møller, 45978522

Dato  
28.06.2020

### **Aurland trafikk og parkering - referat frå møte i prosjektgruppe 24.06.2020**

Dato: 24.06.2020  
Tid: Turveg: 12.00 – 12.30,  
Trafikk og parkering 12.30 – 14.00  
Referent: Jan Olav Å. Møller

**Møte nr:** 20/03

**Stad:** Møterom Teknisk, Aurland rådhus.

**Til stades:** Leiv Jarle Bergheim, Monica Finden, Bengt Erlend Skjerdal, Reinhardt Sørensen og Jan Olav Å. Møller.

**Ikkje møtt / Kopi til:** Trygve Skjerdal, Gøran Johansen, Steinar Søgaaard, Ingunn B. Skjerdal. Formannskapet(prosjektstyre), interne ressursar Teknisk eining.

#### **Føremål med møte:**

Status i arbeidet. Gjennomgang framlegg til parkeringstrategi, samt vidare arbeid med virkemiddel og organisasjonsform.

Som grunnlag til møte var det sendt framlegg til strategiar i notat av 23.06.2020.

#### **Følgjande kom fram i møte:**

	Ansvar / frist
<b>Diverse saker:</b> <ol style="list-style-type: none"><li>Orientering om snuplass/parkeringsplass Pottefot i Undredal. Fylkeskommunen stiller med kr 500 000,- til dette i 2020. Det blir jobba vidare med eit samarbeidsprosjekt. Kommunen sitt bidrag i prosjektet vert innarbeidd i 2. tertial. Tiltaket er eit viktig tiltak for gjennomføring av områdereguleringa for Undredal sentrum og som passar godt med strategiar og målsettingar i arbeidet med «Aurland trafikk og parkering».</li><li>Parkeringsplass P1 i Gudvangen: Det er starta opp forhandlingar med grunneigara om kjøp av grunn. Leiv Jarle Bergheim stiller frå prosjektgruppe, tillegg til ordførar og Per Are Flåm frå grunnervernemnda.</li><li>Orientering om møte med flowbird group som gav oss mange gode innspel i høve tekniske løysingar og drift av eit parkeringssystem. Vi gjekk gjennom presentasjonen frå møte.</li></ol> <p>Parkeringsstragi – framlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>Gjennomgang av strategiar. Prosjektgruppa hadde ingen merknadar til framlegg til strategiane. Strategiane er i samsvar med føringar i forprosjekt og drøftingar i møta. Innspel i møte: Det blir innarbeidd ei presisering i kapittel om</li></ul>	

prioriterte område: «*Prioriteringslista er ikkje bindande. Einskilde område kan prioriterast dersom til dømes medfinansiering frå andre aktørar blir aktuelt*».

Gjennomgang av førebels framlegg til virkemiddel og organisasjonsform.

Til handlingsplan:

- Framdrift kommunedelplan for veg og trafikktrygging må endrast slik at den er i samsvar med vedteken kommunal planstrategi. Dette må endrast i styringsdokumentet også.
- Kollektivstrategi: Takast ut frå handlingsplan og heller spelast inn i samband med høyringar av Regional transportplan.

Vidare framdrift:

Sak om parkeringstrategi og organisasjonsform vert lagd fram for formannskapet og kommunestyret på første møta etter sommarferien.

Jan Olav Åsarmoen Møller  
Ingeniør

**Vedlegg:**

28.06.2020 Aurland trafikk og parkering - framlegg til strategiar - grunnlag for møte  
24.06.2020

**Kopi til:**

Christoffer Elgåen  
Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
Reinhardt Sørensen  
Steinar Sjøgaard  
Steve Elgåen  
Trygve Skjerdal

5745 AURLAND